

F

Ho sat ved bordet i ein blå kafé
Mens han stod ute og såg inn
Ho sat rett bak gardina
halvt med ryggen til
Han trudde knapt ho såg han
der han stod heilt still

Tid for å gå heim
Slikke sine sår og klor
Tid å stoppe opp
Tid for å gå heim

Dei trudde fast at alt var ganske lett
At alt gikk greitt sånn av seg sjølv
for at alt skulle vare
tok dei heilt for gitt
Og så glapp sjansen frå dei
alt blei ditt og mitt

Tid for å gå heim
Legge bitane på nytt
Tid for begge to
Tid for å gå heim

Dei såg kvarandre gjennom dogga glas
Eit glimt av noko som forsvann
Små ord ved frukostbordet
Fingrar gjennom hår
Noko verdt å ta vare
på som var i går

Tid for å gå heim
Gå opp vegane på nytt
Tid for hand i hand
Tid for å gå heim